# "SPELET OM HEILAG OLAV og DALE-GUDBRAND"

Eit kyrkjespel for forteljar, orgel, kor og spelemannslag.

NB noter
This music is copyright protected

Musikk: Kjell Mørk Karlsen, Op. 106
Tekstkomposisjon: Morten Jostad

BESTILLINGSVERK 1993 FRA HAMAR KIRKESANGFORBUND MED STØTTE AV NORSK KASSETTAVGIFTSFOND OG OPPLAND FYLKESKOMMUNE.

Tekst:

Snorre Sturlasson :

"Soga om Olav den Heilage"

Kap. 111-113 og 202 og 214

Olav Aukrust:

Dikt frå "Solrenning" :

"Still meg ei storvengja sorg overskygde" (utdrag)
"Men den som byggje vil eit tårn"
"Lenge vak eg låg"
"Sigersyn"
"Bøn"

Utdrag frå to Olsok-talar, 1922 og 1929

NB noter
this music is copyright protected

Når spelet tek til
ligg bitar av det istykkerslegne
Tors-biletet
spreidd rundt i heile
kyrkjeskipet.

| |
|---|
| Korsatsene til dette verket finnes samlet i "AUKRUST-SUITE" for blandet kor og orgel |

Durata: ca.75 min.

# VISJON (orgel)




x) Sett tangenten fast med en blyant el.l.




This music is copyright protected




+) Sett tangenten fast.

NB noter
This music is copyright protected


HV.
f 8'+4'+2'
+16'+8'
f
piu f + Cornet
NB notes
This music is copyright protected


ff
+ mix.
ff
+ rørverk
org. pleno
This music is copyright protected



p
HV: fl.8'
fl.8' (HV/ped)
NB noter
This music is copyright protected


Fl. 4' + terts + trem.
÷ terts
NB noter
This music is copyright protected

# 8 Still meg ei storvengja sorg overskygde (kor/orgel)




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


lindrande burt var stygd
, vo - - - - ni
, vo - - - ni
, vo - - - ni
Org.
S A
Då, medan alt av ilt leit seg, truddest -
mp
T B
Då , leit seg, trud - dest -
Org.
ped.




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected






NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected



R.A.




NB noter
This music is copyright protected







NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




Forteljar:

Da kong Olav főr austafrå over Kjølen og drog ned på vestsida av fjellet, kunne han sjå utover landet. Mykje folk gjekk føre kongen, og mykje gjekk baketter, men der han rei, var det romt omkring han. Han var tagal og tala ikkje til nokon, og såleis rei han lenge om dagen og såg seg ikkje stort om. Da rei bispen bort til han og spurde kva han tenkte på, med di han var så tagal. For kongen var jamleg glad og pratsam med mennene sine på ferda, så alle vart glade som var omkring han.

NB noter This music is copyright protected

Da svara kongen og var tankefull:
"Underlege ting har no kome føre meg ei stund. No såg eg ut over Noreg da eg let auga fare vestetter frå fjellet. Da kom det meg i hugen at eg hadde hatt mang ein sæl dag i dette landet. Da hadde eg eit syn; eg såg over heile Trondheimen og sidan over heile Noreg, og så lenge dette synet var for auga mine, såg eg allstøtt vidare og vidare, like til eg såg over heile verda, både land og sjø. Eg kjende nøye dei stadene der eg hadde vore før, og som eg hadde sett, og likeså greitt såg eg dei stadene som eg ikkje har sett før, både dei som eg har høyrt tale om, og dei som eg ikkje har høyrt gjete før, både bygde og ubygde, så vidt som verda er."

Bispen sa at dette synet var heilagt og ovleg merkeleg.

# Spelemanns-leik (orgel/spelemannslag)




This music is copyright protected

+) Springleik frå Gudbrandsdalen


2
Hv: fl. 8'+4'
Org.
tutti
3
feler
fv
Org.
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


6
feler
Org.
mf
7
HV ff
Org.
This music is copyright protected
NB noter




NB noter
This music is copyright protected



R.A.




Tale
frå preikestolen.

Lat oss opne gamal bibelbok og der finne ei sanning å ta til ords med. I disse tider da allting flyt, er det godt å få handtak i det som er fast.

Det ordet eg tenkte på, er eit ord av Paulus: "Det er vidde og breidde og høgder og djupner i Guds rike."

Det vide og breide kann vi menneskje nå til kunnskap um ved å tøygje oss ut gjenom tid og rom og finne dei store sanningslover, soleis som desse viser seg i natur og menneskjeliv, - i naturvitskap og soge.
Verre er det når det gjeld høgderne og djupnerne i Guds rike. Der vert vår naturlege evne for veik.
Men so sant som menneskja er skapt i Guds bilæte, so sant er det ei i strengaste meining åndeleg, guddomeleg evne gøymd i mannahugen, - ei evne som ligg i dvale hjå dei aller fleste, men som kan vekkjast hjå alle. Difor er det vår heilage skyldnad å granske Guds lov dag og natt og finne sanningi ogso i det djupe og høge. Det står skrive, at Gud er ein Gud som løyner seg. Ja, ein Gud som løyner seg og vil finnast. Alltid bivrar og skjelv samvitet vårt etter denne dulde som vil finnast, og evigt sanne er Augustins ord: Fecisti nos ad te, et inquietum est cor nostrum, donec requiescat in te. - (Du skapte oss til deg, og hjarta vårt er urolegt til det finn kvile i deg.)

NB noter This music is copyright protected

Det er ikkje sant, dette som mange har meint og sagt, at det er so lett, so eintvunne og endeframt å finne sanningi. For det er vidde og breidde og høgder og djupner i Guds rike. Leite og lengte, lengte og leite må du, heile di livsens kraft må du setja inn. Ja, sjølve ditt naturlege, frodige, heidenske liv må du viljugt sleppe. I ditt eige hjarta må du uppliva ditt Stiklestad-slag. Di verdslege kongemakt, ditt verdslege rike må du hugheilt gjeva upp, dersom du vil nå inn til ditt åndelege sjølv, og dermed inn og upp til høgderne i Guds rike.

Alle sanne vismenn frå Zoroaster og Moses og heilt ned til vår tid har vitna um ein åndeleg heim som ein kann skode gjenom åndelege sansar. Ein heim som er meir verkeleg, meir konkret enn denne som vi ser med våre fysiske augo. Den som ikkje har upplivt dette store gjenombrotet frå fysisk- sanseleg til sjæleleg-åndeleg åskoding, han vil ikkje, kann ikkje tru dette.

NB noter This music is copyright protected

Den moderne kultur er ein perspektivlaus kultur, fordi den moderne psykologi og antropologi kjenner berre dei ytste lag, dei ytste reflexar av det som i sanning er det menneskjelege. Det arbeidest nok med ulike kvantitetar; men fåe drøymer um nye kvalitetar, umnytt ljos i vår myrke natt, som ikkje vert meire ljos fordi um vi kallar henne dag. Ein David, ein Paulus, ein Heilag-Olav har vitna um og set inn i dette ljoset. Ja, ljoset sjølv har vitna um det: "Dette er domen over verdi, at ljoset er kome til verdi, og at menneskja elskar myrkret meir enn ljoset."

Sanningsljoset, ljoset frå Kristus, som Heilag-Olav såg ved den norske grensa, og som han sjølv stod i og vart heilt gjenomstråla av på Stiklestad, der han såg bruer bygde millom himmel og jord:

"Han tykte han såg ein høg stige, og at han gjekk opp etter den så langt opp i lufta at han tykte han såg himmelen opna seg, og så langt nådde stigen."

Ligg Heilag-Olavs åndelege program for høgt for oss? Det aller største, det aller høgste - er det berre for dei fåe, det utvalde? Kva er det største?

Det største på jord er å ofre det små for det store, og det store for det fullstore. Gjera si gjerning som for Gud, ikkje som for menneskje. Ta vare på det som er nedlagt i ein, og som alle kan finne som vil finne det. Vera flogvit kvar dag i det små, det vanskelege, det oversedde, gjeva samvitstrengen øyra kvar natt som stillast, - lyde sanningsordet ut og gøyme det som si mest umissande eige, - løyse den som lengtar i sjølve seg, - tru, tru at ei stjerne skal renne i Ginnungagap, jamvel i den svartaste, mest vonlause natt, - selja alt ein eig og kjøpe den sanne perla, - leike på livsens hardspelte fele med mjukfingra . Paganini-hand, - segja eit varmt og mjukt og lindrande ord - istaden for eit pinande, hoggande og gloande, - døy, avdøy meir og meir frå den sanselege delen av sjæli, og nå åndens høgder meir og meir - - i denne leid ligg det største, det høgste. Og kven kan segja at han ikkje her har ein sjanse?

Det aller største kann menneskjet nå. Det har, størst og rikast av alle nordmenn, Heilag-Olav vist oss, og difor skal han alltid vera Rex perpetuus Norvegiae - Norges konge til æveleg tid.

NB noter
This music is copyright protected

# 32 Men den som byggje vil eit tårn (kor/orgel)




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

 R.A.




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


seg og skolv for få - ren,
ff
mp
han var til
og skolv for få - ren,
ff
mp
han var til
og skolv for få - ren,
ff
mp
han var til
og skolv for få - ren,
ff
mp
han var til
ff
ff
mp
sist ikkje den sterke mann, og mak - -
sist ik - kje sterke mann, og mak - ta
sist ikkje den sterke mann, og mak - -
sist ik - - kje sterke mann, og mak - ta
This music is copyright protected
NB noter




NB noter This music is copyright protected

Forteljar:

Kong Olav hadde vore konge i Noreg i sju år
Denne sommaren kom jarlane Torfinn og Bruse
til han frå Orknøyane, og kong Olav eigna
til seg desse landa, som før er fortald.
Same sommaren fór kong Olav igjennom
Nordmøre og Sunnmøre, og om hausten til
Romsdal. Der gjekk han i land frå skipa sine
og fór til Opplanda, og kom fram til Lesja.
Der let han ta alle dei beste mennene både
på Lesja og Dovre, og dei laut ta ved
kristendommen eller tole døden eller rømme
unna, dei som kunne kome til. Dei som tok
ved kristendommen, gav sønene sine til
kongen som gislar for truskapen sin.
Kongen var om natta på ein gard i Lesja
som heiter Bø, og der sette han inn prestar.
Sidan fór han over Lordalen og kom ned ein
stad som heiter Stavbrekka. Der renn
ei elv etter dalen, som heiter Otta,
og på begge sider av elva er det ei fager
bygd som dei kallar Lom, og kongen kunne
sjå endelangs ned igjennom bygda.
Kongen sa:
"Det er skade at ein skal brenne
så fager bygd."

# 40 Spelemannslag/orgel




NB noter
This music is copyright protected

+) Folkemelodi frå Gudbrandsdalen




NB noter
This music is copyright protected

Forteljar: Det var ein mann som heitte Dale-gudbrand; han var liksom konge over Gudbrandsdalen, men var herse av namn.




Da Gudbrand høyrde denne tidenda at kong Olav var komen til Lom og nøydde folk til å ta ved kristendommen, skar han opp hærpil og stemde alle




dølene til å møte han på ein gard som heiter Hundorp. Der kom dei alle i hop, og det var mykje folk, for det ligg eit vatn nære ved som heiter

NB noter
This music is copyright protected



Lågen, så dei kunne kome dit likså godt med skip som til lands.



Der heldt Gudbrand ting med dei og sa:
"Det har kome ein mann til Lom som heiter Olav.Han vil by oss ei anna
tru enn vi har hatt før,og bryte sund



alle gudane våre, og han seier at
han eig ein mykje større og mektigare gud. Det er eit under at ikkje
jorda rivnar under han når han




torer seie slikt,og at gudane våre
let han få gå lenger. Eg tenkjer at om vi ber ut Tor or hovet vårt,
og han ser Olav og mennene hans,



så vil guden hans bråne,og han sjølv
og alle mennene hans med, og bli opp i inkje."



NB noter
This music is copyright protected

Da sette dei i alle på ein gong og
skreik og sa at Olav skulle aldri sleppe derifrå om han kom til dei, og
han torde visst ikkje fare lenger
søretter dalen.






Sidan valde dei sju hundre mann til
å fare nord til Breida og speide.
Hovdingen for denne hæren var son til
Gudbrand, som var atten vintrar gammal,
og mange andre gjæve menn var med han.
Dei kom til ein gard som heiter Hov,
og var der i tre dagar, og der kom det
mykje folk til dei, av dei som hadde
flydd frå Lesja og Lom og Vågå fordi
dei ikkje ville gje seg under
kristendommen.

NB noter
This music is copyright protected






Kong Olav og bispen Sigurd sette
prestar i Lom og Vågå. Sidan fór dei →

over Vågerusta og kom ned i Sel og var der om natta;
dei høyrde tidend om at det var ein stor hær samla imot dei,




og bøndene som var på breida,fekk spurlag på kongen og
laga seg til å slåst med han. Kongen stod opp og hadde hærkleda



sine på seg og fór søretter Selsvollane. Han stana ikkje før på
Breida,og der såg han ein stor hær ferdig til slag.



NB noter
This music is copyright protected

Da fylkte kongen hæren sin og rei sjølv og tala til bøndene
og bad dei ta ved kristendommen. Dei svara: "Du får nok røyne



anna i dag enn å drive ap med oss," og så sette dei i med hær-rop
og slo med våpna på skjolda sine.




Da sprang kongsmennene fram og skaut med spyd, og bøndene snudde
straks og flydde, så berre nokre få mann stod etter.







NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

Da vart son til Gudbrand fanga, og kong Olav gav han grid og hadde han med seg. Der var kongen i fire dagar. Da sa kongen til son åt Gudbrand:
"Far no attende til far din og sei at no kjem eg der snart."
Han fór heimatt og fortalde far sin den leie tidenda at dei hadde møtt kongen og slegst med han.
"Men heile hæren flydde straks i førstninga, og eg vart fanga," sa han. "Kongen gav meg grid og bad meg fare og seie deg at han kjem snart. No har vi ikkje meir enn to hundre mann av heile hæren som vi hadde imot han; no rår eg deg til det, far, at du ikkje slåst med denne mannen."
"Det er høyrande til det," seier Gudbrand, "at alt mot er banka utor deg. Det var ei ustund du fór heimafrå, og denne ferda vil lenge minnast, og no trur du straks på det tullet som denne mannen fer med, han som har gjort deg og hæren din til spott og skam."

Natta etter drøymde Gudbrand
at det kom ein lys mann til han, som det stod ein stor kvekk av,
og sa til han:




"Det var inga sigers-ferd son din
fór mot kong Olav; men mykje verre vil det gå deg om du etlar deg
til å slåst med kongen; du skal falle



sjølv med heile hæren din,
og ulvar vil rive deg og alle dine, og ramnar slite dykk." Han vart
fælen av dette skremmesynet,




NB noter
This music is copyright protected

og fortalde det til Tord Istermage
som var ein hovding over Gudbrandsdalen. Han Sa, "Nett det same synet hadde eg".






Om morgonen let dei blåse til tings,
og sa at dei tykte det var rådeleg
å halde ting med denne mannen som kom
nordfrå med nye bod, og få vite om han fór
med sanning. Deretter sa Gudbrand til son sin:
"No skal du fare med tolv mann til den
kongen som gav deg grid."
Og han så gjorde. Dei kom til kongen og
sa han ærendet sitt, at bøndene ville halde
ting med han og setje grid mellom kongen
og seg. Kongen var vel nøgd med det,
og dei lova kvarandre og svor på at det
skulle vere grid så lenge dette møtet varte.
Etter dette fór dei attende og fortalde
Gudbrand og Tord at dei hadde sett grid.
Da fór kongen til ein gard som heiter Listad,
og var der i fem dagar. Så for kongen til
bøndene og heldt ting med dei.

Det var eit fælt bløyte-vêr denne dagen.
Da tinget var sett, stod kongen opp og sa at i Lesja og Lom og Vågå
hadde dei teke ved kristendommen




NB noter
This music is copyright protected

og brote ned blothusa sine.
"Og no trur dei på den sanne Gud som skapte himmel og jord og veit
alle ting." Deretter sette kongen



seg ned, og Gudbrand svara:
"Vi veit ikkje kven du talar om. Kallar du han for gud, som korkje du eller nokon annan ser? Men vi eig ein




gud som vi kan sjå kvar dag;
i dag er han ikkje ute, av di det er bløyte-vêr; de vil synast at han er skremmeleg og veldig. Eg tenkjer de



får ein kvekk i livet om han kjem
på tinget. Men siden du seier at guden dykkar er så mektig, så la han lage det så at det blir skya i morgon,



men ikkje regn, og da skal vi møtast her.




NB noter
This music is copyright protected

Etter dette fór kongen heim til herbyrget sitt
og hadde med seg son til Gudbrand som gissel,
og kongen gav dei ein annan mann i staden.
Om kvelden spurde kongen son til Gudbrand
korleis guden deira var skapt.

Han sa at på skapnad var han
liksom Tor og hadde ein hammar i handa, at han var storvaksen og
innhol,og at dei hadde gjort




liksom ein hjell under han,
som han stod på  når han var ute; det skorta ikkje på gull og sølv
på han; dei gav han fire leivar




NB noter
This music is copyright protected

brød kvar dag,omfram kjøt.









Deretter la dei seg;
men kongen vakta all natta
og heldt på og ba.

NB noter
This music is copyright protected

## Lenge vak eg låg (kor/orgel)






NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

Forteljar:

Da det vart dag, gjekk kongen til messe
og så til bords, og sidan til tings.
Med vêret vart det så som Gudbrand hadde
sagt. Da stod bispen opp i messekåpa si,
med bispeluva på hovudet og bispestaven
i handa, og la ut om trua for bøndene;
han fortalde dei om mange underlege
gjerningar som Gud hadde gjort,
og enda talen sin godt.
Da svara Tord Istermage:
"Mangt og mykje seier denne mannen med
horna som har ein stav i handa, krokut
ovatil som eit vêrhorn. Men sidan de no,
godtfolk, seier at guden dykkar gjer
så mange underlege gjerningar, så sei
til han i morgon føre solrenninga at han
let det vere klårt vêr og solskin,
så skal vi møtast og gjere eitt av to,
anten bli forlikte i denne saka eller
halde slag."
Og dermed skildest dei denne gongen.
Det var ein mann med kong Olav som heitte
Kolbein Sterke og var ætta frå Fjordane.
Han var støtt væpna såleis at han hadde
sverd ved sida og i handa ein slik stor
lurk, som somme kallar klubbe.
Kongen sa til Kolbein at han skulle vere
nærmast honom om morgonen, og så sa han
til mennene sine:
"I natt skal de gå dit som bondeskipa er,
og bore hol i alle i hop og ri hestane
deira bort frå dei gardane som dei er på."
Og dei så gjorde.

NB noter
This music is copyright protected

Kongen heldt på og bad all natta;
han bad til Gud at han måtte løyse dei ut
or denne knipa av si miskunn.



# Sigersyn (kor/orgel)




NB noter
This music is copyright protected



o-ver kalde havsens glup skin ei einsleg
um på sandgrunn eller fjell tuft og hus var
kjøvest livsens kjerne.
vert det up-pe da-ga
stjerne.
la-ga.
f 3. Lyft ditt ho-vud, mann og tru
mf
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




Medan orgelet tonar ut
i eit etterspel, går forteljaren
ikring og samlar dei isundslegne
delane av gudebiletet.
Han byggjer opp att
Tors-biletet og let det få
trone midt i
kyrkjeskipet.




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected







Forteljaren:

Da messa var slutt og det lei mot dagen, gjekk han til tings. Da han kom på tinget, var nokre av bøndene komne, og i det same såg dei ein heil brote bønder, som kom til tings og bar imellom seg eit stort manns-bilete som var tilstasa med gull og sølv alle stader. Da dei bøndene som var på tinget såg dette, sprang dei opp alle i hop og bøygde seg for dette skremselet, og dermed sette dei det ned midt på tingvollen.
På den eine sida sat bøndene, og på den andre sida kongen og hans folk.
Så stod Dale-Gudbrand opp og sa:

"Kvar er no din gud, konge?
No tenkjer eg han ber hakesjegget heller lågt, og eg synest at du og denne mannen




NB noter
This music is copyright protected

med horna,som de kallar bisp,
og som sit der utmed deg,ikkje er så kaute som i går,for no er vår gud komen,



som rår for alle ting,og ser på dykk
med kvasse auge,og eg ser at de er ottefulle og knapt torer sjå opp med auga.




NB noter
This music is copyright protected

La no ovtrua dykkar fare og tru på vår gud,
som held lagnaden dykkar i si hand." Med dette enda han talen sin.



Kongen sa til Kolbein Sterke, så ikkje
bøndene merka det:
"Om det høver så til under talen min
at dei ser bort frå guden sin, så slå til
han med klubba, det hardaste du kan."
Så stod kongen opp og sa:

"Mangt har du sagt til oss her
på morgonen, og du seier det er underleg at du ikkje kan sjå vår gud; men eg
tenkjer at han snart vil komme




til oss. Du skremmer oss med
din gud, som er både blind og dauv og korkje kan berge seg sjølv eller andre
og ingenstad kan kome mindre



NB noter
This music is copyright protected

dei ber han; og eg tenkjer
at han rettno får seg ei ulykke. Snu dykk no og sjå mot aust; der fer no vår
gud med mykje lys."



I det samme rann sola opp,
og alle bøndene snudde seg mot sola.






NB noter This music is copyright protected



Men samstundes slo
Kolbein til guden deira, slik at han rauk
reint sund, og det flaug ut myser så store
som kattar liksom, og ødlar og ormar.






Men bøndene vart så redde at dei flydde, somme til skipa; men da dei skulle skuva skipa sine ut, gjekk dei fulle av vatn, og dei kunne ikkje kome om bord.
Men dei som sprang til hestane, fann dei ikkje.
Da let kongen rope på bøndene og sa at han ville tale med dei, og da snudde bøndene att, og tinget vart sett.
Da stod kongen opp og tala:

"Eg veit ikkje kva dette ståket og denne laupinga som de driv med skal vere til.
No kan de sjå kva guden dykkar dugde til, han som de bar gull og sølv og mat og kost til; og no såg de kva det var for slag som naut det, myser og ormar, ødler og padder.
Ille står det til med dei som trur på slikt og ikkje vil slutte med dårskapen sin.
Ta gullet dykkar og eigenlutene som driv omkring på vollen her; ha det heim til kvinnfolka dykkar, og heng det ikkje på stokk eller stein lenger. Her er det no to vilkår: anten at de tek kristendommen, eller held slag med meg no i dag, og da får dei vinne over dei andre som den guden vil som vi trur på."

Da stod Dale-Gudbrand opp og sa:
"Vi har fått stor skade på vår gud; og etter di han ikkje kunne hjelpe oss, så vil vi no tru på den guden som du trur på."

Da tok alle ved kristendommen, og bispen døypte Gudbrand og son hans og sette att prestar der.
Dei skildest vener som før var uvener, og Gudbrand let setje opp ei kyrkje der i Gudbrandsdalen.

NB noter
This music is copyright protected

## Spelemannslag/orgel




+) "Den signede Dag, som vi nu ser",
folketone frå Gudbrandsdalen.

Medan musikken
frå spelemannslaget
får fylle kyrkjerommet,
går forteljaren
og hentar delar
frå Tors-biletet
og ber dei opp til
altaret.

Han legg
dei alle ved
altarets fot.
Det liknar ved til
eit brennoffer.
Til sist
legg han
Torshammaren
på sjølve
altaret.




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


unis.
f
(Hv)
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected







Forteljar:

Da kong Olav hadde fylkt hæren sin, var bøndene enda ikkje komne nær til på nokon kant. Da sa kongen at hæren skulle setje seg ned og kvile seg. Kongen sette seg ned, og heile hæren hans. Dei sat romt. Han lutte seg ned og la hovudet i fanget på Finn Arnesson. Da sovna han til, og han sov ei lita stund. Da såg dei bondehæren, som kom imot dei og hadde sett opp merka sine, og det var ei uhorveleg mengd med folk.

Da vekte Finn kongen og sa til han at no søkte bøndene inn på dei. Men da kongen vakna, sa han:
"Kvifor vekte du meg, Finn, og let meg ikkje nyte draumen min?"
Finn svara:
"Du drøymde vel ikkje slik at det ikkje hadde vore rettare for deg å vake og bu deg mot den hæren som fer mot oss; eller ser du ikkje at no er heile bondehæren komen?"
Kongen svara:
"Dei er ikkje så nær oss enda at det ikkje hadde vore betre at eg hadde sove."
Da sa Finn:
"Kva drøymde du, konge, med di du tykkjer det var slik skade at du ikkje vakna av deg sjølv?"

Da fortalde kongen draumen sin, at han tykte han såg ein høg stige, og at han gjekk opp etter den så langt opp i lufta at han tykte han såg himmmelen opna seg, og så langt nådde stigen.

"Eg var nett komen på det øvste steget," sa han, "da du vekte meg."

NB noter This music is copyright protected

# Bøn (kor, orgel, spelemannslag)






NB noter This music is copyright protected



NB noter This music is copyright protected




This music is copyright protected


hei - lag gir, te - ne deg full - røynd rein og skir:
tru - gen, te - - ne full - røynd:
lat meg få ve - ra i flok - ken den som enn for ditt namns skuld i
S
A
Orgel
mf
lat meg få ve - ra den som enn i treng - sel,
T
B
treng - sel stend, og då for det sann - fagert go - - de
treng - sel stend, og då for det go - - - de
This music is copyright protected
feler
V
ut al - le kref - te - ne bjo - de!
f
kref - te - ne bjo - de!
Org.




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected


skapningen sukkar, og syn-ligt kjem eingong det ny-e Je-
S
A
skap-nin-gen suk-kar, ein-gong, Je--
T
B
Org.
ru-sa-lem,-
unis.
feler
f
ru-sa-lem,-høyr tusundtal u-fød-de kve-de syng at
unis.
f
f
feler
f
eingong når slør i mun
S
A
stjernur og hjarto og gras og lyng, ein--gong mun
T
B
Org.




NB noter
This music is copyright protected




NB noter This music is copyright protected


R.A.




NB noter
This music is copyright protected


rit . . . . . .
Molto lento
sv
longa (minimum 30")
pp
1993

BESTILLINGSVERK 1993 FRA HAMAR KIRKESANGFORBUND MED STØTTE AV NORSK KASSETTAVGIFTSFOND OG OPPLAND FYLKESKOMMUNE.

Tekst:

Snorre Sturlasson :

"Soga om Olav den Heilage"
Kap. 111-113 og 202 og 214

Olav Aukrust:

Dikt frå "Solrenning" :
"Still meg ei storvengja sorg overskygde" (utdrag)
"Men den som byggje vil eit tårn"
"Lenge vak eg låg"
"Sigersyn"
"Bøn"

Utdrag frå to Olsok-talar, 1922 og 1929

NB noter
This music is copyright protected

Når spelet tek til
ligg bitar av det istykkerslegne
Tors-biletet
spreidd rundt i heile
kyrkjeskipet.

Korsatsene til dette verket finnes samlet i "AUKRUST-SUITE" for blandet kor og orgel

Durata: ca.75 min.